

Hei,

Sjå våre refleksjonar.

Det vesentlegaste er kanskje mitt spørsmål til NVE sitt reglement for Blåsjøvegen.

mvh

Bjørn Sandvik

Kraftverkssjef, kraftverksgruppe Ulla-Førre

-- DIREKTE 52 79 32 20
-- MOBIL 48 16 44 03
-- SENTRALBORD 52 79 32 00

Statkraft Energi AS

KG Ulla-Førre

Suldalsvegen 1485, 4237 SULDALSOSEN

www.statkraft.no

Mine Kommenterarar:

Innfallspørt:

Stussar litt over at Gullingen/Mosvatnet ikkje er rekna som innfallspørt.

Villreinnemda har uttalt dette, så begrunninga er vel då ok, men Gullingen gir også adgang mot Skreivatn-området –mot Dyraheio.

På grunn av at auka ferdsel kan vere i motstrid med villreinen og verneformålet, er vegen til Store Urar (Bykle) og Blåsjøvegen inn frå Suldal, ikkje blant dei utvalde innfallspørtane. Trafikken inn til Store Urar har allereie negativ innverknad på villreinen sin trekkaktivitet i området. Blåsjøvegen kan lede besøkande heilt inn i Steinbuskardområdet kor ferdselen allereie er kritisk i høve til villreinen sine trekk i området. Som nemnt ovanfor er dette fokusområde der ein må jobbe for å redusere påverknaden på villreinen, ikkje motsett

Villreinnemda kommenterer også Haukelifjell, E134. Kanskje me bør kommentere risiko med kiterar ift regulert vassddrag, inntak, utløp?

Hallgeir har kanskje meining om dette.

Eit område som ikkje er omtalt er Haukelifjell. Villreinnemda er kjend med at det har vore dialog med Stavanger turistforeining om informasjon om villrein på Haukelisetar. Her kan ein nå svært mange, også brukargrupper som lett kan forstyrre villreinen og villreintrekk. Me tenker då særleg på kitere som held til langs E134, men og ferdsle som går sjoover og inn i verneområda. God informasjon på Haukelisetar kan vere med å dempe konflikten mellom ferdsle og villreinen. Verneområdestyret bør vurdere om Haukelisetar bør vere eit informasjonspunkt/innfallspørt. I ei slik vurdering må ein drøfte om dette kan føre til auka ferdsel og belastning i sårbare område. Saka bør og tas opp og drøftast med forvaltningsmyndigheitene for Hardangervidda nasjonalpark.

Turisthytter – løypenett - vegar:

Blåsjøvegen: det står (merkeleg nok) ikkje noko om at reglement går ut dette året, og ny prosess for reglement er på trappene. Burde det det?

Vilkårsrevisjonsdokument omtalar å flytte løypenett STF frå austside til vestside av Blåsjø. Er også omtala her.

4.4.3 Tiltak for og dempe konflikter ved eksisterende turiststier og løyper, anleggsvegar og fylkesvegar

...

1. Turisthytter, merka sommarløyper og kvista vinterløyper i Steinbuskardområdet

Bakgrunn

Villreinen sine trekkmoglegheiter i området er avgrensa frå naturen side, og vart ytterlegare avgrensa etter Sira-Kvina og Ulla-Førre reguleringane med tilhøyrande magasin, anleggsvegar og kraftlinjer. Turisthytta Storsteinen med tilhøyrande rutenett er lokalisert i dei smale resttrekka, og i 2017 vart det registrert om lag 1000 passeringar til og frå hytta. Trekkaktiviteten i området har nærast stoppa heilt opp og villreinstamma er delt i to.

Det ligg føre eit regjeringsvedtak frå 1974 om lokalisering av løypenettet aust for Blåsjø. Ei eventuell flytting må derfor være frivillig. SVR er forvaltningsstyresmakt ved eventuell omlokalisering av hytter og rutenett. Miljødirektoratet kan med heimel i punkt i 4.4 i verneføreskrifta for SVR førby ferdesel i delar av verneområdet dersom det er nødvendig for å verne naturmiljø og dyreliv.

Tiltak

Arbeide for nedlegging av Storsteinen og tilhøyrande rutenett, og flytting av hytte og løypenettet til vestsida av Blåsjø.

SVR har ei forventning om at STF vert ein pådrivar i dette arbeidet og saman med SVR, kommunar og grunneigarar kjem fram til ei friviljug ordning. SVR kan ta på seg å skaffe grunnlagsdata hovudsakeleg frå GPS-merkeprosjektet og elles vera ein aktiv samarbeidspart i arbeidet.

mvh

Bjørn Sandvik

Kraftverkssjef, kraftverksgruppe Ulla-Førre

-- DIREKTE 52 79 32 20
-- MOBIL 48 16 44 03
-- SENTRALBORD 52 79 32 00

Statkraft Energi AS

KG Ulla-Førre

Suldalsvegen 1485, 4237 SULDALSOSEN
www.statkraft.no